



Tiltaksplan mot krenkjande åtferd ved Heidal skule.

Opplæringslova § 9a-3 første ledd, seier følgjande:

”Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.”

Med bakgrunn i dette har Heidal skule utarbeidd ein tiltaksplan mot krenkjande åtferd.

Mål: Alle elevar skal oppleve eit trygt og godt skulemiljø fritt for krenkjande åtferd på skulen.

Kva er krenkjande åtferd ?

Krenkjande åtferd er ei felles beskriving på alle former for uønskt åtferd som med eller utan overlegg rårar andre fysisk eller psykisk. Krenkjande åtferd kan vere ei enkel eller gjenteken handling utan respekt for andre sin integritet.

Eksempel på krenkjande åtferd:

- **mobbing**
- **vald**
- **rasisme**
- **diskriminering**
- **utestenging**

Kva er mobbing ?

1. ”En person er mobbet eller plaget når han eller hun, gjentatte ganger og over en viss tid, blir utsatt for negative handlinger fra en eller flere andre personer. Det må være en viss ubalanse i styrkeforholdet – offeret har ikke så lett for å forsvare seg. Det er derfor ikke mobbing når to fysisk eller psykisk omtrent like sterke personer er i konflikt, krangler eller slåss.” (Olweus)
2. ”Med mobbing eller plaging forstår vi psykisk og/eller fysisk vold rettet mot et offer, utført av enkeltpersoner eller grupper. Mobbing forutsetter et ujevnt styrkeforhold mellom offer og plager, og episodene gjentas over tid.” (Roland/Zero, program for mobbing.)



Kva er vald ?

Når nokon brukar fysisk makt for å skade andre.

Kva er rasisme ?

Rasisme omfattar diskriminering på grunnlag av "rase", hudfarge eller etnisk opphav.

Kva er diskriminering ?

Diskriminering inneber at ein person blir dårlegare behandla eller trakassert, for eksempel på grunn av kjønn, funksjonsnivå, trusretning, hudfarge, nasjonal eller etnisk opphav. Diskriminering kan vere enten direkte eller indirekte.

Kva er utestenging ?

Utestenging vil seia at ein elev så godt som alltid blir halden utanfor ei gruppe eller ei klasse.

1. Førebyggjande tiltak

§ 9a-4. Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll) Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

1. Alle klasser skal leggje vekt på sosiale aktivitetar, spesielt i byrjinga av skuleåret. Gjeld alle trinn.
På fyrste skuledag skal elevavtala og ordensreglementet gjennomgåast og sendast heim. Kontrakta skal attende til skulen med underskrift frå føresette.
2. Alle klasser skal ha klassemøte om utvikling av klasse -og elevmiljøet.
3. Følgjande grunnreglar skal det arbeidast med i alle klasser:
 - Vi skal respektere kvarandre
 - Vi skal hjelpe og støtte kvarandre
 - Alle har krav på eit trygt og godt skulemiljø
 - Vi skal seie ifrå til ein vaksen om nokon vert plaga eller har det vondt
4. Elevsamtaler skal gjennomførast minst 4 gonger kvart halvår.
5. Kontaktmøter skal gjennomførast minst 1 gong kvart halvår.
6. Foreldremøter skal gjennomførast 1-2 gonger kvart år. Møta skal omhandle trivsel.
7. Det skal arbeidast med relasjonar og sosialt miljø gjennom: MOT, turar og temaarbeid.
8. Fadderordning. Småskule – mellomtrinn.
9. Opplegg ungdomsskule – barnehage
10. Juleball for ungdomsskulen.
11. Fysak. Alle klassene på mellomtrinnet i lag. Alle klassene på u-skulen i lag.
12. Lærarar og assistentar skal ha nulltoleranse for uynskja åtferd i møte med elevane.



2. Avdekking av krenkjande åtferd

Opplæringslova §9a-3 andre ledd, seier følgjande:

”Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.”

2.0 Prosedyre ved mistanke om krenkjande åtferd. Reaksjonar skal skje raskt.

- Bekymring frå tilsette, elevar, foreldre og andre skal skrivast og leverast kontaktlærar. Kontaktlærarar følgjer saka spesielt opp i friminutt/timar og med samtale.
- Kontaktlærar kan melde saka til sosiallærar og evt.helsesyster. Ved alvorlege hendingar skal kontaktlærarar melde saka vidare til rektor/inspektør. Saka skal meldast til rektor/inspektør jfr opplæringslov § 9a -3 andre ledd. Det er berre alvorlege hendingar som skal meldast, det er opp til kontaktlærar å definere graden av krenkinga.
- Ta kontakt med føresatte for å høyre om dei har lagt merke til noko særskild.
- **Ansvar:** Kontaktlærar har ansvaret for at prosedyra vert følgd. Problema vert forsøkt løyst på lågaste nivå.

2.1 Undersøking av omfanget av krenkjande åtferd

- Enkel kartlegging før kontaktmøter.
- Spørsmål knytta til krenkjande åtferd ved elevsamtaler.
- Gjere kjent for elevane til kven og kvifor seie frå om krenkjande åtferd.
- Elev/trivselundersøking kvart år.
- Kontaktlærarar ansvarlege for gjennomføringa av elev/trivselsundersøkinga.
- Administrasjonen skal vurdere og evt. kome med forslag til tiltak.
- Bruk av logg ved mistanke om krenkjande åtferd.
- Sosiogram kan nyttast for å kartleggje relasjonar og posisjonar i ei gruppe.

2.2 Vakt og tilsynsordningar

- Gul vest til alle vakter.
- Gjeld i alle friminutt og tilsynstimar
- Spesiell merksemd på enkeltområder. Gjeld spesielt ved inn -og utgang frå undervisningstimar og utkantane av skuleområdet
- Vaktene skal vere oppsøkjande og involverande.
- Snakk med elevar som er aleine.
- Meld frå til kontaktlærarar om elevar som er mykje aleine
- Følg spesielt med elevar som har negativ åtferd.
- Snakk med elevar som leike-slåss.
- Påpeik ukorrekt språkbruk.

2.3 Kommunikasjon lærar – elev – føresette



HEIDAL SKULE



- Krenkjande åtferd skal tas opp i møter mellom skule, elev og heim
- Krenkjande åtferd skal tas opp i elevsamtala

- Elevar skal oppfordrast til å seie frå til ein vaksen viss det er mistanke om at nokon vert utsett for krenkjande åtferd.
- Førsette skal vite at skulen tek alle saker på alvor.
- Førsette skal informerast årleg om trivsel, tryggleik og tiltak.
- Det er kontaktlæraren si oppgåve å følgje opp eleven og heimen.

2.4 Tilsett krenkjer elev eller annan vaksen

- Ved mistanke om krenking frå tilsette skal skuleleiinga informerast snarast.
- Skuleleiinga skal følgje same prosedyre som ved elevsaker.

3. Problemløysing

Mål: Krenkjande åtferd skal stoppast på måter som i neste omgang førebyggjer krenkjande åtferd ved skulen.

3.1 Undersøking for å sikre faktainformasjon

- Skaffe seg best mogleg kunnskap og informasjon
- Skriftleg dokumentasjon.

3.2 Samtale med aktuell elev

- Lærar klargjer at han/ho veit kva som skjer og skulen si haldning .
- Gje eleven støtte.
- Gje elevane rom for å fortelje.
- Informere om kva som kjem til å skje.
- Avtale nytt møte med eleven.

Overordna prinsipp i samtalene er full støtte til plaga elev og krav til mobbar, utan å forhandle. Ansvar: Kontaktlærar.

3.3 Fyrste samtale med den som krenkjer

- Alle samtaler er individuelle
- Hente elev/elevane ut av klassa, dersom det er fleire, skal dei hentast etter tur, dei skal ikkje ha moglegheit til å prate saman mellom samtalene med skulen.
- Læraren klargjer at skulen veit kva som går føre seg og at det ikkje kan akseptrast.
- Læraren spør om eleven vil seie noko. Lærarar lyttar, men går ikkje inn i diskusjon med eleven.
- Læraren informerer om at førsette og skulen si leiing er informert.
- Læraren kjem med ein invitasjon til eleven om korleis ein skal få slutt på krenkjande åtferd.
- Eleven skal forplikte seg til å slutte med krenkjande åtferd.
- Læraren informerer kva som skjer vidare.

3.4 Oppfølgingssamtaler

- Kontaktlærarar skal ha oppfølgingssamtaler med begge partar.

HEIDAL SKULE

2676 Heidal

Tlf. 61 21 07 80 – Faksnr. 61 21 07 81



HEIDAL SKULE



- Der situasjonen krev det, kan det vere aktuelt å hente inn andre hjelpeinstansar som t.d. helsesyster.

3.5 Samtaler med føresette til den som har vorte krenkt

- Informasjon om kva som har skjedd pr.telefon.
- Informer om kva skulen skal gjere.
- Føresette får tilbod om eit møte for å snakke gjennom saka
Ansvar: Kontaktlærer, sosiallærer og evt. ein frå leiinga.

3.6 Samtaler med føresette til den/dei som har krenkt

- Informasjon om kva som har skjedd pr.telefon.
- Informer om kva skulen skal gjere.
- Føresette får tilbod om eit møte for å snakke gjennom saka
Ansvar: Kontaktlærer, sosiallærer og evt. ein frå leiinga.

3.7 Samtale mellom den/dei som har plaga og den som har vorte utsett for krenkjande åtferd

- Samle partane til eit oppklarande møte
- Fokus på åtferd, ikkje på forklaringar
- Fokus på forpliktingar og avtaler
- Viktig at alle får ein fair sjanse til å gjere opp for seg
Ansvar: Kontaktlærer og sosiallærer

3.8 Informasjon til andre tilsette ved skulen

- Lærarar og assistentar som har dei aktuelle klassene .
- Gjeld det krenkjande åtferd i friminutt skal alle ha informasjon.

3.9 Samarbeid mellom foreldre

- Skulen oppfordrar foreldra til å ta kontakt med kvarandre når det oppstår konflikter mellom elevar.

Sanksjonar

- Aktuelle sanksjonar skal vere nedfelt i skulen sitt ordensreglement.

HEIDAL SKULE

2676 Heidal

Tlf. 61 21 07 80 – Faksnr. 61 21 07 81



HEIDAL SKULE



Vedtak

Opplæringslova §9a-3 tredje ledd, seier følgjande:

”Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.”

- Dersom ein kjenner seg utsett for krenkjande åtferd utan at skulen grip inn og stoppar krenkinga, kan ein venda seg skriftleg eller munnleg til skulen /skuleeigar. Informasjonen bør peike på kva ein kjenner seg krenkt av. Skulen, ved rektor, må gjera enkeltvedtak når skulen får ei slik melding. Dersom ein ikkje er nøgd med vedtaket, kan ein klage på vedtaket.

Dokumentasjon

- Saker med krenkjande åtferd skal dokumenterast etter regelverket.

Revisjon og informasjon

- Planen skal reviderast i FAU/SMU og elevrådet kvart år
- Dei tilsette ved skulen skal informerast om planen ved skulestart kvart år
- Elevane skal informerast om planen ved skulestart kvart år
- Skuleleiinga har ansvaret for at planen vert revidert kvart år, og at alle tilsette vert informert om planen.

Heidal skule skal ha nulltoleranse for krenkjande åtferd.

HEIDAL SKULE

2676 Heidal

Tlf. 61 21 07 80 – Faksnr. 61 21 07 81